




Årsplan for Bjørketeigen barnehage i Kvam herad 2023 - 2025



Årsplanen er eit bindeledd mellom personalet, føresette og kommunen og skal synleggjera det pedagogiske arbeidet som barnehage gjer.

Barnehagen sine styringsdokument er Barnehagelova, Rammeplan for barnehagar (2017) og kommunale vedtekter.



Velkommen til Bjørketeigen barnehage!



Bjørketeigen barnehage ligg flott til øverst på Vavollen, i Øystese

Barnehagen har eit stort uteområde som er prega av skog og natur.

Me har lett tilgang til fine turar i skog og mark for alle aldersgrupper.

Barnehagen har opparbeidd 3 områder i skogen i nærområdet til barnehagen

der me har lavvoar og eit grindverksbygg . Her er barnehagen på turar

gjennom heile året; borna leikar, driv med ulike pedagogiske aktivitetar ,

lagar mat og skapar gode barndomsminne!



Me ynskjer alle barn, føresette, samarbeidspartnarar og tilsette velkomen til Bjørketeigen barnehage!

Barnehagen si organisering

Styrrar: Ann-Kristin S Bråten

Epost: akst@kvam.kommune.no

Tlf: 46806904



	SMÅBARN - AVDELINGAR			STORBARN - AVDELINGAR			
	Grøn base		Oransje base		Lilla base		
Avdelingar	Bringebær 1-2 åringar	Solbær 1-2 åringar	Jordbær 1-2 åringar	Blåbær 3 åringar	Rognebær 4 åringar	Bjørnebær 4 åringar	Tyttebær – skulestartarar
	<u>Tlf nummer</u> 46936032 90083674	<u>Tlf nummer</u> 91109428 48068121	<u>Tlf nummer:</u> 94140674 90101198	<u>Tlf nummer</u> 97967011 90172915	<u>Tlf nummer</u> 95872639 90404958	<u>Tlf nummer</u> 94133906 94010935	<u>Tlf nummer</u> 91643987 90261276

Praktisk informasjon

Barnehagen brukar kommunikasjonsløyisinga MyKid

Her finn du nyheitsbrev frå barnehagen, informasjon frå avdelinga og dagen i dag, invitasjon til foreldremøte og foreldresamtalar, løyveskjema, årsplanar mm

På heimesida [Barnehage - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no) finn de mellom anna:

- Korleis søkja plass i barnehage (digitalt)
- Vedtekter for barnehagane i Kvam herad
- Barnehageruta (kortid barnehagen er stengt, ferie mm)
- Informasjon om Trygt og godt barnehagemiljø



Datoar å hugsa på:

Fredag 1. desember 2023 – adventskos m/føresette frå kl 1430 - 1545

Nissefest onsdag 20. desember 2023 – utan føresette.

Tysdag 12. mars 2024 – barnehagedagen – med føresette.

Torsdag 21. mars 2024 – påskeharefest – utan føresette

Juni 2024 sommarfest – ikkje bestemt dato.

Kjernetida i barnehagen er 930-1430

Dersom barnet ditt er sjuk, har fri

eller ikkje kjem i barnehagen

ber me dykk om å melda frå til

barnehagen innan kl 800 om morgonen.

Veit du at barnet skal vera vekke frå barnehagen fleire dagar på rad, meld frå – det forenkler barnehagen si organisering.

Det er fint om de også kan melda inn ca levering og hentetid, særleg dersom det er andre tider enn det som er vanleg – alt forenkler barnehagen si organisering!

Legg inn på MyKid så snart du veit om barnet ditt kjem i barnehagen eller ikkje når det gjeld haustferien og vinterferien til skulen + romjul og påske. Å leggja inn levering og hentetid er særleg viktig i feriar (romjul, påske mm)


Foreldrebetaling

- Det er forskuddsbetaling.
- Matpengar kjem i tillegg; pr august 2023 er kostpris 385,- for 100% bhgplass
- Ved for sein henting, dersom barnet ikkje er teken med ut av barnehagen til kl 1630, vert det lagt på eit gebyr på 250,-. Gebyret kjem på foreldrebetalinga.
- Max opphaldstid tid for eit barn i barnehagen i Kvam er 9 timar.
- Ved låg inntekt er det høve å søkja om redusert foreldrebetaling. Informasjon finn de på [Barnehage - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no) eller kontakt styrar.

Den profesjonelle vaksenrolla er den autoritative voksenrollen – balansen mellom å være tydelig og bestemt, og omsorgsfull og raus.

Rammeplanen seier:

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet - og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeida for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barnas egne omsorgshandlingar.



Løveloven

Kan du løveloven?
jeg skal være meg,
men gi plass til andre,
slik at de blir seg,
bry meg om en annen,
hjelpe når jeg kan.
Slik blir livet bedre
for barn i alle land.

Ser du en som plages?
Det er ikke bra!
Alle må stå sammen
om å si i fra!
Alle barn på jorden
har den samme rett
til å være trygge
og til å være sett.



Være Sammen AS |
www.vaeresammen.no



Slik er personalet i Bjørketeigen barnehage:

1. Me viser respekt og forståelse for **foreldra** sine ynskjer og behov og arbeider for å skape tillit og godt samarbeid med heimen.
2. Me møter **barnet** med leik, glede, humor, undring for å skape tillit.
3. Me viser omsorg og respekt for kvar enkelt **barn** sine ynskjer og behov
4. Me ser på **barnet** som eit subjekt med egne tankar og meiningar.
5. Me er trygge, konsekvente **vaksne** som samarbeider om barns beste.

Me skapar gode barndomsminne og livsglede !



Humor og glede

Song og musikk

Å verta overraska - det skjer noko uventa

Fridom til å vera litt åleine - skapar kreativitet

Opplevingar saman med andre og aleine

Pro-sosiale handlingar for andre

Engasjerte vaksne

Felles opplevingar

Varierte aktivitetstilbod

Trygge, faste rammer

Skapa og verne om gode leikesituasjonar

Å få skapa noko på eigehand

Å få høyre til fellesskapet - gruppekjensle



Spør du ungdomar kva dei hugsar frå barnehagetida; hugsar dei ofte «den viktige vaksne, den som var der for akkurat deg»

Opplevingar med læring og undring-utforsking

Mystikk, undring og magi

Kvart einskild barn opplever å verta høyrte og sett - vaksne som «leser» barna sine behov


Måltidet = samtale, prosessen rundt og i måltidet, meistring, stemning

Alle barn må kjenna og føla på tryggleik og tilhørighet- barnet må kjenna seg viktig og ønska

Stabile vaksne som finn på nye ting og som er med på barnas undring



Foreldresamarbeid



Rammeplan om foreldresamarbeid:

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning for allsidig utvikling jmf barnehagelova § 1
- Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med føresette.



Alle føresette i barnehagen utgjer FORELDRERÅDET

Foreldrerådet vel 1 – 2 representantar til barnehagen sitt Samarbeidsutval
Samarbeidsutvalet består av ein representant frå dei tilsette, 1-2 frå føresette, ein politisk representant og styrar i barnehagen, som har møte og uttalerett men ikkje stemmeret.
Me ynskjer å få til ein kontinuitet i SU slik at ikkje alle går ut samtidig, dette året er det ein forelder som fortset frå i fjor og ein ny inn i SU.
Samarbeidsutvalet skal vera eit kontaktskapande, rådgjevande og samordnande organ.
Det er SU som godkjenner årsplanen til barnehagen.



Foreldremedverknad

Det er viktig for barnehagen at føresette kan vera med å påverka innhald og kvalitet i barnehagen.
Annakvart år i november /desember gjennomfører me foreldreundersøkjinga i regi av utdanningsdirektoratet.
Her får me ein peikepinn på kva område barnehagen som heilheit og kvar avdeling må jobba med for auka kvaliteten på det pedagogiske arbeidet.

Det vert gjennomført 1-2 foreldresamtalar i året (av og til fleire), her er det alltid mogeleg å koma med tilbakemeldingar.

Foreldremøta er viktig arena for medverknad.

Møta i kvardagen vil også gje oss tilbakemeldingar på kva føresette er nøgde med.

Alle føresette kan også nytta seg av SU og representantane der, dersom nokon ynskjer å ta opp saker.

Samarbeidsutvalet ved Bjørketeigen barnehage 2023-2024 er :

Heidi Steine (foreldrerepresentant) tlf 95054274
Carina Kjos (foreldrerepresentant) tlf 93402816
Bodil Lie Øyri (representant for tilsette)
tlf 48112096
Dag Rune Mo (politisk /eigar representant)
Ann-Kristin S Bråten (styrar) 46806904

Foreldremøte 13.september 2023 – desse tema vart drøfta og reflektert rundt i foreldregruppa og barnehagen fekk desse innspela frå føresette :

Medverknad for føresette:

Foreslå og koma med innspel, tilbakemeldingar /idear til SU, gje direkte tilbakemelding til barnehagen om det skulle vera noko, overhalda retningslinjer og rutinar på heimebane

Viktig med god dialog mellom føresette og personal og barn.

Barnehagen kan spørja føresette om å hjelpe til på ulike aktivitetar.

God kommunikasjon og informasjon . Verta høyrte er viktig.

Gje beskjed om kva behov og interesser barna har.

Gje tilbakemeldingar på gjennomførte opplegg og koma med forslag til nye opplegg. Ta med dag/veke og dela med alle.

Gje positive tilbakemeldingar på ting som fungerer bra.



Kva legg de i visjonen «me skapar gode barndomsminne og livsglede» - og kva er gode barndomsminne for dykk:

Mykje leik

At barna får bruka fantasien sin

Felleskap

Oppleva meistring

Få lov til og tid til å prøve og å oppleva nye ting

Venskap og relasjonar

Friluftsliv, vera ute

Små eventyr/opplevingar ute td reflekstur

Tid til utforsking, i naturen og over alt

Samarbeide med andre

Bursdagsmarkering

Bli sett og få sitja på eit fang

Trygg på seg sjølv

«dei små ting» td besøk av brannbil

Korleis kan me støtta berekraftig utvikling – i heimane og i barnehagen:

Heime:

Klebyte,/sal/arv

Gje brukte ting i gave

Forståelsesfulle og ser kvarandre.

Begrensa matsvinn

Sløkkja lys

Ikkje la bilen stå på tomgang

Kildesortering/avfallsortering/resirkulering

Plukka bos ute i gjenbrukspose

Visa interesse, vera bevisste vaksne, kroppsspråk, meistra, takla nederlag


Snakka fint om andre-takhøgd for mangfald

Vise i tillegg til å gjere; «det du gjer betyr meir enn det du seier»

Kompost

Behandla ting fint – ikkje berre kjøpa nytt

Redusera plastbruk



I barnehagen:

Lokal mat

Naturlege leiker – behandla leiker fint, ikkje berre kjøpa nytt

Skapa nyskjerrigheit til naturen

Klebyte/sal/arv

Begrensa matsvinn

Sløkkja lys

Kildesortering/avfallsortering

Plukka bos ute i gjenbrukspose

Visa interesse, vera bevisste vaksne, kroppsspråk, meistra, takla

nederlag

Forståelsesfulle og ser kvarandre

Kompost

Redusera plastbruk td nytta tøynett



Trygt og godt barnehagemiljø – korleis er me gode rollemodellar for barna – i heimane og i barnehagen:

Heime

Framsnakka andre, setja grenser, inkludera, fokus på likeverd, snakka om kjensler

Invitera alle i bursdag, invitera alle heim, rullera

Sei hei til alle barna

Hjelp til konfliktløysing

Ta seg tid til å sjå og høyre kva barna fortel

Vera bevisst kroppsspråk til både barn og vaksne

Opne spørsmål – kven har du leika med i dag? Ikkje sei «har du leika med x i dag»

Bruka omgrep som venn, ikkje bestevenn

Inkludera alle i lek



I barnehagen

Finne aktivitet som treff alle

Styrt frileik

Hjelp til konfliktløysing

Ta seg tid til å sjå og høyre kva barna fortel

Vera bevisst kroppsspråk til både barn og vaksne

Verta sett og høyrte på ein god måte

Trygge vaksne

Bruka omgrep som venn, ikkje bestevenn

Inkludera alle i lek

Small talk med foreldre og barn

Snakka om kjensler

Natur og uteliv er eit satsingsområde for Bjørketeigen barnehage. Bjørketeigen barnehage er mykje ute og nyttar dei flotte turområda som er opparbeidd i nærleiken av barnehagen.

Borna er kroppsleg aktive og uttrykkjer seg gjennom kroppen. Gjennom kroppslege aktivitetar lærer borna å kjenna seg sjølv og omverda.

Mange avdelingar går også lengre turar i løpet av barnehageåret.

Me jobbar for å få natur og uteliv integrert i alle avdelingar, slik at alle barna, uansett alder, får natur og uteopplevingar gjennom heile barnehagetida.

Alle avdelingar skal ha to tur/utedagar i veka. Nokon gonger er det korte tutleturar i skogen/nærmiljøet der utforsking er målet.

Andre gonger går gruppene på dagsturar td til Neshagen.

Opplevingar ute i skog og mark, i naturen, gjev også ro og kvila . Mange finn nye relasjonar når dei er ute. Rommet for lek og utforsking vert større og det er ofte færre konflikhtar.

Vidare er det eit poeng at alle, både små og store, finn glede i naturen og på den måten tek ansvar og bidreg til bærekraft.



Fagområdet: Natur, miljø og teknologi.

Rammeplanen seier:

«Personalet skal leggje til rette for mangfoldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremmer evnen til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få et mangfold av naturopplevelser og få oppleve naturen som arena for lek og læring».

Når me er ute i skog og mark ufoldar me oss på ulike måtar:

- Bruka og oppdaga nærmiljøet
- Finna, utforska, lesa og læra om insikt og småkryp
- Utvikla og læra om frukthagen vår
- Dyrka og eta eigne grønnsaker – så frø mm
- Læra om blomar og kor viktige dei er for pollinering
- Dyrelivet i nærområdet
- Aktivitetar som; snikring, spikking, byggje hytte
- Leva i og læra om dei ulike årstidene
- Natursti
- Hinderløyper ute
- Regelleikar
- Utvikla grovmotorikken
- Mat ute og mat på bål
- Naturvev, kunst i naturen og av naturmateriale (landart)
- Leik i bekken, leik med vatn, livet i fjøra
- Læra å ta vare å naturen – bærekraftig atferd (plukka bos, ikkje drepa småkryp, ikkje trakka på gras mm)
- Gode opplevingar i fellesskap og åleine
- Korte og lengre turar, meistring, utholdenheit, helse
- Verta glad i naturen – oppleva all salgs vær
- Dra natur inn
- Læra kontrastar – stor/liten – tung/lett = også matematikk



Innspel frå føresette :

Bruka nærområde, bruka lavvoar, grindverksbygg, fjøra, slakting, matlaging og kokkekurs, bibliotek på barneskulen, lese bøker i hengekøye
Smaka på naturen
Sjå på dyr i nærområde når me er ute , gardsbesøk
Tora å vera ute i all slags vær, kjenna på ulike typar vær
Bruka naturen/naturmateriale i forming, utforsking, sjå på småting
Vegen til målet er meir viktig enn målet
Læra om praktisk friluftsliv
Skileik/ski og vinter-veke
Laga mat ute
Pynte med blomar
Laga terrarium
Læra kor ting i naturen kjem frå, så poteter og grønnsaker
Uteprosjekt som viser att (td flyplassen)
Viktig at alle veit at kjenner de nokon som driv med diverse aktivitetar som td slakting, hjortejakt, smalahoverøyking mm – så inviter gjerne barnegrupper med på opplevelsen og gje dei mogelegheit til å verta kjend med tradisjonelle aktivitetar

Hovudmålsetjing for barnehagane i Kvam :



«Alle borna skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring»



Me jobbar på denne måten for å gå mot målet:

- Faste rutinar på avdelinga og trygge rammer, visuelle planar, bilete av vaksne som er på jobb, bilete av barna og gruppene
- Barna møter utfordringar på sitt eige nivå samtidig som dei også øver på strekka seg - tilrettelagde utfordringar
- Rosa barna når dei prøver å få til - tilretteleggja for progresjon
- Bevisste vaksne som veit kva som skal til
- Lytta til barn og vaksne - vera der barna er !
- Observera og reflektera over praksisforteljingar og vår eigen praksis
- Stabile, trygge, støttande, sensitive vaksne som er gode rollemodellar
- Respekt og toleranse for ulikheiter
- Godt foreldresamarbeid
- Barn som medverkar i sin eigen kvardag
- Endringsvillige vaksne som er i utvikling
- Engasjerte vaksne og godt samhold
- Samlingsstunder der alle vert sett og gruppekjensla kjem fram


Kjenneteikn på eit inkluderande utviklingsmiljø

- Barna er opptekne av kvarandre og vil vera i gruppa
- Glade barn som har lyst i barnehagen
- Trygge barn der alle kjenner seg sett og høyrte og møtt
- Barn som smiler
- Barn som kjem i gong med leik
- Fornøgde føresette som kjenner seg velkomne i barnehagen

Fagområdet Språk, tekst og kommunikasjon

Rammeplanen:

Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, herunder tegnspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvartdagen, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon og helsevitlig språkutvikling.



- Gjennom å lesa bøker og tilby bøker, å spela spel, bruka rim og regler - variera tilbodet av bøker
- Bruka tankekart
- Setja ord på ting - benevna, personalet nyttar visuell støtte og bilete
- Personalet som gode og bevisste språkmodellar
- Alle avdelingar har språkgrupper -
- Dramatisera
- Bruka eventyr
- Me syng mykje
- Ha gode og planlagde samlingstunder
- Gjera borna kjend med bokstavar og lydar gjennom arbeidet med leikbasert læring
- Læra regelleikar
- Pusslespel
- Rolleleik
- Jobba med tema; td Meg sjølv



Tidleg og god språkstimulering er ein svært viktig del av barnehagen sitt innhald. Språk er eit felles satsingsområde for alle barnehagane i Kvam. Gjennom lesing, samtale, benevning og å vera sensitiv overfor barna sine behov bidreg barnehagen til god språkutvikling. Forskning viser at eit godt utvikla språk og eit stort ordforråd i tidleg alder gjev barna eit betre grunnlag for vidare læring i skulen.

Rammeplanen om leik:

Leiken skal ha en sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.




- Det skal vera noko som «fristar» barnet til leik og aktivitet når det kjem om morgonen
- Me ynskjer å utvikla leikemiljøet i barnehagen til å verta meir inspirerende, både ute og inne.
- Å leika saman med andre og forhalda seg til alle sosiale reglar som leiken har - er stor og viktig sosial kompetanse.
- Me rullerer på ein del leiker, slik at alle avdelingar ikkje har dei same leikene heile året
- Me arbeider for at borna skal læra å «ta vare på» leikene ,behandla dei fint - me kan ikkje alltid «kjøpa nytt» jmf bærekraft.
- Personalet skal vera medvitne si eiga rolla og til ei kvar tid vurdere om ein skal delta i leiken eller ikkje
- Personalet skal ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle barn kjem inn i leik

Dagsrytme

- Skapar rammer og struktur i barnehagekvardagen
- Alle avdelingane har ei kjernetid mellom 930-1430
- Alle et medbrakt frukost fram til ca kl 0900
- Mellom 930-14 er det pedagogiske opplegg , planlagde aktivitetar og frileik.
- Ca kl 11 er det lunsj, minst ein gong i veka er det varm mat. Til vanleg er det smøremåltid.
- Ca kl 14 et barna frukt/grønsaker.
- Alle avdelingar skal ivareta barnas behov for fysisk omsorg, noko som også inkluderer behov for ro og kvile. Mange barn søv i barnehagen, andre kan høyra lydbok, lesa bok, fargeleggja, høyra roleg musikk, liggja på ei madrass og sjå på skyene ol
- Nokon barn trekk seg vekk frå andre innimellom (gjerne ute), ofte er det då eit behov for kvile og pause frå andre som er årsaken. Men alle vaksne må følgja godt med , då det også kan vera andre årsaker.
- Det er viktig at alle i personalet kan lesa barnet og behovet til barnet, kjenna til kva barnet treng for å «lada».
- Alle avdelingar skal ha ein visuell dagsplan, slik at barna kan sjå kva som skal skje den aktuelle dagen, kva gruppe dei skal vera på td

Leikbasert læring er ein kombinasjon av fri leik og leikbaserte læringsaktivitetar tilrettelagt av vaksne. Studiar visar at det slik barna lærer best. Trygge og varme relasjonar ligg i botn for all læring. Opplegget Leikbasert læring som er utvikla for dei eldste i barnehagen gjev barna ein stor læringsgevinst. Ny forskning visar at denne gevinsten framleis er der eit år etter skulestart. I 2019-2020 vart det bestemt at barnehagane i Kvam skulle bruka dette opplegget inn mot skulestartarane , slik at dei får eit mest mogeleg likt tilbod året før skulestart.



Årsrytme

Haut – brannvern – forutbærekraft veke - uteliv og turar – advent og jul

Vinter – eventyr frå Asbjørnsen og Moe – uteliv og turar

Vår – naturen vaknar til liv - påske – 17.mai – uteliv og turar

Sommar – avslutning – leik og fellesskap – førebuing til nye kapitel – uteliv og turar





Har de hugsa ?

Innhald i tursekk:

- Fyrstehjelpsutstyr
- Telefon med 113 app (kart koordinatar)
- Telefonliste til føresette, barnehagen og legevakt
- Drikke, mat, bleier, våtserviettar, antibac mm
- Noko inspirerende (ei bok, dyr, naturbingo, former ol)

Før turen :

- Snakka med barna om reglar ; kven skal leia ? Kor skal me? Korleis oppfører me oss langs veg? På buss? I skog ? Ved sjø? Heime hos andre? Svara når nokon ropar ? Høyra når vaksne skal gje beskjedar?
- Å risikovurdert turmålet og vegen dit + informert alle vaksne som skal på tur!
- Alle har refleksvest på – barn og vaksne – uansett årstid !

På tur :

- Barna går to og to -vaksen bakerst og vaksen fremst ! (vaksne kan leia barn)
- Ved kryssing av veg – vent til bil har køyrt – sjekk ein gong til – då kan du gå! Eller gjera det same ein gong til.
- Når me går langs veg – går vaksne ytterst mot vegbana!
- Teljerutinar :
 - Barna skal teljast før me går frå barnehagen
 - Barna skal teljast ved kvar samling
 - Barna skal teljast ved /i alle overgangar
 - Barne skal teljast når me er kome tilbake til barnehagen
- Alle turar skal risikovurderast – ta med risikovurderinga i sekken ! (legg den i perm etter turen)

Trygt og godt barnehagemiljø

Kap. 8 *Psykososialt barnehagemiljø* kom inn i barnehagelova 01.01.21 for å sikra barn rett til trygt og godt barnehagemiljø.

Kap. 8 skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagen skal ha nulltoleranse mot mobbing. Alle som jobbar i barnehagen har ei plikt til å følge med og gripe inn. Dersom ein tilsett veit om, eller trur at eit barn vert mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid:

- Gripa inn og stoppa krenkinga med ein gong
- Sei ifrå til styrar i barnehagen
- Undersøka kva som har skjedd
- Setje inn tiltak, og laga aktivitetsplan for å sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø

Personale skal til ei kvar tid følgje med på korleis barn i barnehagen har det. Gjennom året må personale arbeida systematisk og heilskapleg med psykososialt barnehagemiljø.

Barnehagane i Kvam har ein eigen plan som me følgjer i dette arbeidet.



5. Sett inn tiltak, lag plan og evaluer

1. Følg med og fang opp

4. Undersøking

2. Grip inn

3. Meld ifrå



“VED HANDLINGER OG AVGJØRELSER SOM BERØRER BARN, SKAL BARNETS BESTE VÆRE ET GRUNNLEGGENDE HENSYN.”

Norges Grunnlov § 104



PEDAGOGISK ARBEID



Barnehagen som pedagogisk verksemd

PLANAR

Me lagar:

- Årsplan
- Månadsplan
- Månadsbrev
- Fagområdeplan
- Vekerytme m/visuell støtte
- Planar for pedagogiske opplegg

GJENNOMFØRING

Me vil:

- Gjennomføra planar
- Jobbe mot mål
- Leggje til rette for borna sitt beste
- Observera barnegruppa og miljøet systematisk
- Me ser barnet innanfrå
- Me nyttar BTI ved uro
- Vera fleksible

DOKUMENTASJON

Me:

- Tek bilde
- Legg ut bilete på MyKid avdelingssida
- Skriv Dagen i dag kvar dag
- Skriv opplegg og opplevingar i periodebrev
- Gjennomfører foreldresamtalar

REFLEKSJON

Me vil:

- Reflektere over eigen praksis i kvardagen og på møte
- Reflektera over tilbakemelding frå foreldre
- Praksisforteljingar
- Pedagogisk analyse (LP)

VURDERING

Me svarar på:

- Nådde me måla?
- Fekk borna den hjelp og støtte me tenkte dei skulle få?
- Kva gjekk bra?
- Kva kan gjerast betre?



Denne årsplan er godkjent av Samarbeidsutvalet ved Bjørketeigen barnehage 07.11.2023



KONTAKTINFORMASJON

Bjørketeigen barnehage
Vavollen 137, ØYSTESE

Styrar Ann-Kristin S Bråten
Tlf: nr 46806904
akst@kvam.kommune.no

Solbær avd 91109428/48068121 Bringebær avd 46936032/90083674 Blåbær avd 97967011/90172915 Jordbær avd 94140674/90101198
Rognebær avd 95872639/90404958 Bjørnebær 94133906/94010935 Tyttbær 91643987/90261276